

**RISIKOSTRATEGI**  
**for**  
**Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**VERSJON : 2**

**ANSVAR : FYLKESTINGET**

**VEDTAKSDATO : 05.06.2012 – FT-SAK 24/12 - DOKUMEN-  
TET ER TILPASSA I SAMSVAR MED VEDTAK I FYLKESTINGET.**

## **BAKGRUNN OG MÅLSETTING.**

Sogn og Fjordane fylkeskommune (heretter SFFK) skal være ein sjølvstendig aktør i kraftmarknaden. Målet for SFFK er å forvalte tilgjengeleg konsesjonskraft i samsvar med gjeldande fylkestingsvedtak og denne risikostrategien. SFFK skal drive krafthandel innafor gjevne rammer, for slik å skaffe fylkeskommunen eit tilfredsstilande og føreseieleg resultat. For å nå dette målet må SFFK ta posisjoner i marknaden. Dette, saman med rollen som konsesjonskraftinnehavar, inneberer risiko. Målsetjinga med risikostrategien er å regulere denne risikoen.

Fylkestinget er ansvarleg for risikostrategien og at denne vert evaluert årleg. Der som situasjonen krev det, kan fylkestinget endre rammene i denne strategien.

## **DEFINISJONAR.**

Differansen mellom kjøpt og selt mengde energi vert kalla **open posisjon** og omfattar endringar i den totale energimengde, referansepunkt, leveringsperiode, brukstid, valuta og/eller andre kontraktsvilkår. Når det er forskjell mellom nokon av desse parametrane, oppstår risiko. Det er denne risikoen som risikostrategien skal setje grenser for, og dermed angi kor stor risiko SFFK har lov til å ha.

**Motpartsrisiko** er risikoen for at ein kontraktmotpart ikkje kan eller vil oppfylle sine forpliktingar, f.eks. fordi han går konkurs. Risikoen er at SFFK taper pengar ved at ein gunstig kontrakt må erstattast med ein mindre gunstig kontrakt.

**Administrativ** risiko oppstår ved at rutinar ikkje er gode nok, og ved at det skjer menneskelege feil. Det er derfor viktig at alle rutinar i forbindelse med krafthandel er dokumenterte.

**Scenario risk** er definert av Nasdaq OMX / Nasdaq OMX Clearing i "Rulebook for the Financial Electricity Market".

I tillegg til konsesjonskrafttilgangen er krafthandel viktig i forhold til risiko og risiko-handtering.

## **KONSESJONSKRAFTTILGANGEN**

Utgangspunktet for konsesjonskrafttilgangen er ein tilgang i år 2012 på 392 GWh. Volumet er ikkje fast frå år til år.

## **ORGANISERING AV KRAFTHANDELEN**

Alle finansielle kontraktar som SFFK inngår skal clearast mot Nasdaq OMX Clearing med mindre anna er særskilt avtalt. Dette for å unngå motpartsrisiko. Om ein kontrakt

ikkje kan clearast skal motparten vurderast og godkjennast av fylkesutvalet før kontrakt vert inngått.

## SIKRINGSSTRATEGI

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune går over til ein treårig sikringsstrategi for sal av konsesjonskraft.

Når den nye strategien er fullt innført, dvs. ved inngangen til 2015, vil vi ha prissikra 80 % av konsesjonskraftvolumet for dette året. Vi vil samtidig ha prissikra 2/3 av eit tilsvarende volum for «år 2» (2016) og 1/3 av eit tilsvarende volum for «år 3» (2017).

I overgangsperioden fram til full innføring skal vi ha prissikra 60 % ved inngangen til 2013 og 70 % ved inngangen til 2014. Også for desse åra skal vi for «år 2» og «år 3» ha prissikra 2/3 og 1/3 av det volumet som vert sikra første året i dei treåriga sikringsperiodane.

2. Sikringshandelen skal skje innafor kvart kvartal i ei løpende rullering med like deler kvart kvartal. Det sikra volumet skal for første år i perioden vere best mogleg tilpassa månadsblokkmodellen.
3. Valutasikring vert gjort parallelt med all sikringshandel.
4. Handelen skjer etter ordre.
5. Det vert gjeve høve til å avvike frå den vedtekne normalstrategien dersom prisforventningane i Markedskraft sin modell avvik meir enn 3 Euro frå marknadsprisen. Ein kan da enten auke eller redusere allereie sikra volum med inntil 30% av volumet i aktuell periode. Fylkesrådmannen får fullmakt til å ta ei slik avgjerd.
6. Områderisiko skal normalt ikkje sirkast. SFFK skal bli førelagt ein tertialvis rapport som viser status for denne "opne posisjonen" for det tertialet som er tilbakelagt og som viser prognosar for dei neste tertiala.

## Ansvar og kompetanse.

Fylkesrådmannen får ansvaret for krafthandel i Sogn og Fjordane fylkeskommune innanfor dei sikringsrammene som gjeld. Fylkesrådmannen skal sørgra for:

- ✓ Å inngå avtale med samarbeidspartnerar om sal av krafta

- ✓ At involverte partar i praktiseringa av krafthandelfunksjonar har naudsynte fullmakter
- ✓ At risikostrategien er godt kjent for alle partar
- ✓ At fylkeskommunen følgjer strategien
- ✓ At det vert grepe inn dersom rammene i strategien vert overskride
- ✓ At kompetent personell løyser oppgåvane og at kjernekompetansen er spreidd på fleire personar

## RAPPORTERING

Fylkesrådmannen har ansvaret for all rapportering knytt til rammer.

Rapporteringa skal gjennomførast kvart tertial til fylkesutvalet/fylkestinget, samt ved årsskiftet. Rapporten skal visa totalresultat.

Rapporteringa skal stadfeste at handelen ligg innafor tillatne rammer.